



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Fredrik Arnesen, 55 57 23 69

Vår dato  
02.03.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/15763 357  
Dykkar referanse

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Øving Hordaland 2015

Fylkesmannen i Hordaland førebur no Øving Hordaland 2015 for å øve kommunane sin beredskap. Vi ber kommunane og Hordaland fylkeskommune om å halde av 27. oktober som dato for øvinga. Hald også av 5. november som alternativ øvingsdato i fall det vert naudsynt å flytte øvinga. Nærare informasjon om årsaka til dette vil verte gjeve i første felles samling for beredskaps-/øvingskontaktane.

Vi legg opp til å arrangere ei dagsamling i Bergen i mai/juni for beredskapskontaktane i kommunane. På denne samlinga vil vi informere og førebu kommunane til øvinga. Vi kjem attende med meir informasjon om dette seinare.

Øving Hordaland vert gjennomført anna kvart år i regi av Fylkesmannen. Tema for øvingane varierer frå gong til gong. Scenarioet i år tek utgangspunkt i ei atomulykke med utslepp til luft. I forkant av øvinga er det lagt opp til at kommunane skal oppdatere eige planverk, m.a. ajourføring av varslingslister mv. Det er elles opp til kommunen å vurdere kva som er nødvendig for å få utbytte av øvinga. Som hovudregel tilrår vi at kommunen set kommunal kriseleing under øvinga. Øvinga vil være eit godt høve til å øve kommunens plan for atomberedskap samt kommunens overordna beredskapsplan. Vi legg opp til ei speløving der alle kommunane er hos seg sjølve og får innspel som driv øvinga framover.

Førebels utkast til Plangrunnlag for kommunal atomberedskap for Hordaland ligg ved.

Fylkesmannen vil konkretisere prosessen vidare i løpet av våren.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*